



Vågå
kommune
Fellestenester

Steinar Håkenstad

2680 VÅGÅ

Melding om vedtak

Vår ref.
2010/185/26/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Ingunn Moen Helland
61293617

Dato
01.02.2013

Søknad om dispensasjon for transport med skuter i Finndalen - Steinar Håkenstad

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning gjorde i møte 1.2.2013 sak 3/13 følgjande vedtak:

«Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3.b og Nasjonal forskrift til lov om motorferdsel i utmark § 3 d) får Steinar Håkenstad løyve som omsøkt for transport av byggematerialar til nybygg ved Rååkavatnet i Reinheimen nasjonalpark, og for returtransport av rest- og rivingsmaterialar. Løyvet blir gjeve for den delen av transporten som skjer i Vågå kommune, og ein viser elles til eigen behandling av søknaden i Lom kommune.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for inntil 2 turar i 2013 og 2 turar i 2014, alternativt 1 tur med 2 snøskuterar kvart år.
2. Transporten skal gjennomførast innan 1. april 2013 / 2014.
3. Transporten skal skje frå vinterbrøytt veg i Skårvangen og langs Finndalsvegen.
4. Køyring i verneområdet skal avgrensast til det strengt nødvendige. Transporten bør så langt som råd skje langs same køyrespor tur/retur. Avvik frå trasé for å unngå forstyrring av villrein kan akseptast.
5. Løyvehavar må varsle SNO ved Per Olav Haugen (tlf. 970 57 213) / oppsynet i Finndalen statsallmenning Erling Dagsgard (tlf. 909 99 496) før transporten blir gjennomført.
Oppsynet vil gje nærare rettleiing om det må takast særlege omsyn til villreinen.

6. Det skal først kjørebok som skal vere med under transporten. Kopi av kjørebok skal sendast forvaltningstyresmakta innan 5. juni 2013 / 5. juni 2014.

Løyvet blir gjeve på bakgrunn av at transporten ikkje vil kome i konflikt med dei omsyn som verneforskrifta skal ivareta. Søknaden er vurdert etter miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12.»

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Vågå kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing

Ingunn Moen Helland
Plan- og miljørådgjevar

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning; postmottak@dirnat.no

Finndalen Fjellstyre; finndalen@fjellstyrene.no

Fylkesmannen i Oppland; postmottak@fmop.no

SNO - Skjåk v. Per Ola v Haugen; per-olav.haugen@dirnat.no

Ottadalen Villreinutvalg; knut.granum@c2i.net

Kontaktutval Reinheimen v. T. Stensby; trond.stensby@lesja.kommune.no

Lom kommune; post@lom.kommune.no



Vågå kommune

Arkivsak: 2010/185 -25

Arkiv: K01

Saksbehandlar:

Ingunn Moen Helland

Utv.saknr	Utval	Møtedato
3/13	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	01.02.2013

Søknad om dispensasjon for transport med skuter i Finndalen - Steinar Håkenstad

Vedlegg:

Saksframlegg:

Vågå kommune har motteke følgjande søknad frå Steinar Håkenstad datert 9.1.2013 om løyve til å transport i samband med ferdigstillig av hytta ved Rååvatnet:

«Den 19. januar 2010 fekk eg løyve av Lom kommune til å bygge ny hytte ved Rååvatnet i Finndalen. Samtidig skulle eg rive den gamle hytta innan eitt år etter at den nye var oppsett.

I juni 2012 fekk vi frakta inn det meste av byggematriellet med helikopter. I løpet av sommaren kom hytta opp, slik at det nå står att noko innvendig paneling, listing og småteri. Det vart beregna alt for mykje Glava, slik at det ligg att 11 ruller på Råå. Desse skulle vore frakta ned, samtidig som eg skulle hatt opp kjøkkenskap, senger og diverse.

Neste vintersesong skal det fraktast ned brukt Glava og bølgeblikkplater både fra den gamle hytta, og fra naustet til Ola Håkenstad som er restaurert.

Eg ser for meg at lettaste vegen innover, er gjennom Finndalen og opp Lokkarbakkane. Eg har vore med innover fra Øverligrenda med scooter tidligare, men der er det mykje meire kupert terreng med tanke på sårbart lass.

Gjennom Finndalen er det heller ikkje konflikt med villreinen. Opp Lokkarbakkane er det ope terreng, slik at ein kan observere reinen på lang avstand og dermed unngå konflikt.

Eg søker om å få løyve til å frakte byggevarer til og fra Råå med eigen scooter i forbindelse med bygging og opprydding i 2 sesonger, våren 2013, og våren 2014.

Eg trur dette skal gå med 2 turer dette året, og 2 turer i 2014. Eit alternativ eg ser for meg, er 2 scootere i følge. Da blir det berre ein tur kvart år. Det blir det mest skånsomme med tanke på viltet i området. Detaljer kan vi diskutere hvis eg får løyve.»

Kjøring som omsøkt krevjer løyve både frå Lom kommune og Vågå kommune. For Vågå sin del gjeld søknaden transport frå vinterbrøytt veg i Skårvangen og inn i Finndalen landskapsvernområde til Lom grense.

Jf. verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde er det i § 3 er følgjande heimel for å gje løyve:

«5. Motorferdsel

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.»

Vurdering:

I verneforskrifta for landskapsvernområdet er det i § 3 pkt 5.3b heimel for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve for «*nødvendig transport av materialar eller varer til buer og hytter*».

Slik transport skal i følge forvaltningsplanen for Reinheimen punkt 9.8.2 i regelen skje ved bruk av leigekjører. Vidare står det at motorferdsel i utmark i Finndalen LVO skal haldast på eit nødvendig minimum. Transportbehovet er ein følge av byggeløyve gjeve med heimel i verneforskrift og plan- og bygningslova. Behovet for transport er såleis til stades.

Håkenstad ønskjer løyve til å nytte eigen skuter. Sidan løyvet gjeld transport i medhald av byggeløyve ser ein det ikkje som nødvendig å stille krav om bruk av leigekjører, også fordi det på grunn av arbeid på staden og tilrettelegging for uttransport av restmaterialar vil vere rasjonelt at søkjar står fritt til å nytte eigen skuter.

Nasjonal forskrift for bruk av motorkjørety i utmark og på islagte vassdrag av 15.05.1988 regulerer skutertransport i utmark utanfor verneområde. I medhald av § 3 d) i forskrifta kan det nyttast snøskuter til "*transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse*".

Vurdering etter miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Det er ikkje sannsynleg at løyvet vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Motorferdsel i verneområdet skal haldast på eit minimum. Omsøkt transport vil skje innafor heilårs beiteområde for villreinbestanden i Ottadalen nord villreinområde. Det er sett vilkår om traséval og og tidspunkt for gjennomføring av transporten. Det er samla sett lite bruk av snøskuter i denne delen av Reinheimen. Dette oppdraget har lite omgang, da det dreier seg om to turar i 2013 og to turar i 2014. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Det er ikkje pårekeleg med skader på natur og miljø p.g.a. transporten.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Transporten vil bli gjennomført med snøskuter. Dette er i dei aller fleste tilfelle den mest effektive og miljøforsvarlege måten å gjennomføre nødvendig transport til veglause buer/hytter i verneområdet.

Ut i frå kommunen si vurdering vil ikkje løyvet ha vesentlege verknader som kjem i strid med formålet med vernet av Finndalen landskapsvernområde.

For den delen av transporten som ligg i Lom, blir det vist til vedtak i Lom kommune.

Delegasjon:

Ingen konsekvensar for delegasjonsreglementet.

Rådmannens innstilling:

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3.b og Nasjonal forskrift til lov om motorferdsel i utmark § 3 d) får Steinar Håkenstad løyve som omsøkt for transport av byggematerialar til nybygg ved Rååkavatnet i Reinheimen nasjonalpark, og for returtransport av rest- og rivingsmaterialar. Løyvet blir gjeve for den delen av transporten som skjer i Vågå kommune, og ein viser elles til eigen behandling av søknaden i Lom kommune.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for inntil 2 turar i 2013 og 2 turar i 2014, alternativt 1 tur med 2 snøskuterar kvart år.
2. Transporten skal gjennomførast innan 1. april 2013 / 2014.
3. Transporten skal skje frå vinterbrøytt veg i Skårvangen og langs Finndalsvegen.
4. Køyning i verneområdet skal avgrensast til det strengt nødvendige. Transporten bør så langt som råd skje langs same køyrespor tur/retur. Avvik frå trasé for å unngå forstyrring av villrein kan akseptast.
5. Leigekøyrar må varsle SNO ved Per Olav Haugen (tlf. 970 57 213) / oppsynet i Finndalen statsallmenning Erling Dagsgard (tlf. 909 99 496) før transporten blir gjennomført. Oppsynet vil gje nærare rettleiing om det må takast særlege omsyn til villreinen.
6. Det skal førast køyrebok som skal vere med under transporten. Kopi av kjørebok skal sendast forvaltningstyresmakta innan 5. juni 2013 / 5. juni 2014.

Løyvet blir gjeve på bakgrunn av at transporten ikkje vil kome i konflikt med dei omsyn som verneforskrifta skal ivareta. Søknaden er vurdert etter miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 01.02.2013

Behandling:

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak:

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3.b og Nasjonal forskrift til lov om motorferdsel i utmark § 3 d) får Steinar Håkenstad løyve som omsøkt for transport av byggematerialar til nybygg ved Rååvatnet i Reinheimen nasjonalpark, og for returtransport av rest- og rivingsmaterialar. Løyvet blir gjeve for den delen av transporten som skjer i Vågå kommune, og ein viser elles til eigen behandling av søknaden i Lom kommune.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for inntil 2 turar i 2013 og 2 turar i 2014, alternativt 1 tur med 2 snøskuterar kvart år.
2. Transporten skal gjennomførast innan 1. april 2013 / 2014.
3. Transporten skal skje frå vinterbrøytt veg i Skårvangen og langs Finndalsvegen.
4. Køyring i verneområdet skal avgrensast til det strengt nødvendige. Transporten bør så langt som råd skje langs same køyrespor tur/retur. Avvik frå trasé for å unngå forstyrring av villrein kan akseptast.
5. Løyvehavar må varsle SNO ved Per Olav Haugen (tlf. 970 57 213) / oppsynet i Finndalen statsallmenning Erling Dagsgard (tlf. 909 99 496) før transporten blir gjennomført. Oppsynet vil gje nærare rettleiing om det må takast særlege omsyn til villreinen.
6. Det skal førast køyrebok som skal vere med under transporten. Kopi av kjørebok skal sendast forvaltningsstyresmakta innan 5. juni 2013 / 5. juni 2014.

Løyvet blir gjeve på bakgrunn av at transporten ikkje vil kome i konflikt med dei omsyn som verneforskrifta skal ivareta. Søknaden er vurdert etter miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12.